

Gellobergie – Gilberg (gnr. 14)

i Gellobergie: Namn der førsteleden høgst truleg opphavleg var gildra. Her på garden har ein og gildre-berg like ved.

Av andre gamle minne om manns ferd her på Gilberg er elles gravfunn frå yngre jernalder. Gravgodset var m.a. 1 tveegga sverd og eit einekka sverd, øks og økseblad, 1 spjotspiss og 5 pilespissar m.m.

I skrivne kjelder er garden omhandla i 1407-08 og vart da gitt til kyrkja på Røine, som var kapell i Vingrom. I Stiftsboka frå før 1578 er det så vidare oppgitt at "Gillebergh" låg til "Lille Hammers Annexa", og at landskylda av Gillebergh var 2 kalvskinn. Av 1604 er eit døme på at brukaren der, som da heitte Hans, Hans Gilleberig, er ført i gruppe for "Ødegaardsmenn". Seks år seinare hadde det elles vore brukarskifte, og namnet på den nye er skrive "Lauritzs Gilleberg", men i bygdemålet vart han visstnok kalla "Laurs" ell. "Lars". Same Lauritzs Gilleberg var heller ikkje å spøke med i 1624. Han vart da dømt til å svare ei pengebot på 8 rd. fordi han "slo Karl Fjells Kvinde nogen munnslag med en Knippel 2. pionседag" To år senare er det elles tydeleg fortalt at Lauritzs Gilleberig framleis var bygslar og brukar av kyrkjegodset av same namn, men landskylda av Gilleberig var da høgda til 1 hud. Ein merker seg at denne tida sikkert var ei rik framgangstid for garden Gilberg. I 1633-34 finn ein og fortalt at Lauritzs Gilleberg betalde atter ekstra 1. bygsel og da for jordegods til 3 skinn med 2½ rd. Etter det var den samla landskyld av Gilberg frå denne tid: 1 hud og 3 skinn.

Den driftige og dugande Lauritzs, og kalla Laurs, var enda bygslar og brukar på Gilberg i 1645. Han svara da den utlikna kopskatten for kona si og seg sjølv med 1 mark og 8 skl.

Av den særskilde kjelda: manntalet for Kvegskatten 1657 går det tydeleg fram at det enda var berre e i n oppsittar på Gilberg, og han er der kalla Olle, men blir og kalla Oluff. Det er vidare oppgitt at buskapen på Gilberg da var 2 hopper, 12 naut, 16 sauer og 1 gris. I Mannskjønnmanntalet av 1665 er brukaren med farsnamnet kalla Oluff Ellingsen, og han var da 52 år.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om "Gilleberg" fortalt at "Engen", innmarka er god og at meir kunne dyrkast Det var skog nok til gards bruk, og seter og sommarbeite for krøtera på "Søesetter", Sjøgen seter. Buskapen av store husdyr var da 2 hestar og 10 naut, og korntiende var utreidd med 2 tønner, som altså svara til ei årsavling på 20 tønner. Eigar av Gilleberg var framleis "Kierchen Alene", og bygslar og brukar i den tid var ganske riktig "Olluff". Endeleg er det og opplyst at landskylda som framleis var 1 hud 3 skinn og kunne krejast inn i 2 bismerpund 8 merker smør. – Av "Rulle over Gulbrandsdalens fogderis soldatlægder 1693" går det vidare fram at Gilleberg da hørde til 2. Lægd for Faaberg Sogn saman med Rindalsgardane, Ovre og Fryjordet. Da det same året vart utdelt 24 nye børser til soldatlegdene i Fåberg, var det "Lauridz Olsen Gilleberig" som tok mot den eine børsa. Om karane op Gilberg i den tid er det elles opplyst at "gaardsbunden" Lars Olsen da var 40 år, og at husmannen Ole Holmsen og var av same alder.

Av år 1709 er eit døme på at gardnamnet vart skrive "Gielberg"- Det var da den 4. mars 1709 arveskifte på "Gielberg i Faaberg". Den døde i slekta var Lauridz Olufsen, truleg han som i

1693 tok imot den nye børsa. Ein merker seg at arvebuet var så lite: brutto 78 rd. og netto 15 rd., men her var altså ikkje noko jordegods medregistrert i skiftebuet. Arvingane ved skiftet var forutan enka Ingrid Evensdtr., dei to borna: a. Christen Lauridzsen, som da var 6 år, b. Even Lauridzsen, 5 år.

Tretten år seinare var det i 1722 atter brukarskifte på Gilberg, og Ole Larsen tok over som bygsjar og brukar av garden. Samtidig fekk han så bygselseddel av stiftsskrivaren på ”grd. Gilleberg, skyld 1 hud 3 skind, Lillehammer annex tilhørende som faderen Lars Olsen for sønnen har oplatt”.

Meir om gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget av 1723. Der er det om ”Gilleberg” fortalt at garden framleis var ”Lille Hammers Kirkes gods med bøxel”, og at landskylda framleis var 1 hud 3 skinn. Buskapen på garden var i den tid 2 hestar, 1 føl, 15 naut, 15 sauer og 8 geiter, og den årlege utsæd av korn var kring 3½ tønner bygg og litt rug. Vidare er det oppgitt at garden ligg i sollia, og at jordarten der er god, men at Gilleberg da var noe tungbrukt. Det var rikeleg med skog til garden, men setra Sjogen hadde berre måteleg med hamn, og høavylinga i det heile utgjorde kring 25 lass.

Åtte år seinare var det i 1731 Ole Larsen som var bygsjar og brukar av Gilberg. Han fekk da bevillingsseddel av fogden Svend Stenersen på ”et fiskeri i almenningen kaldet Vivelen og omliggende myrslåtter, skyld ½ skind mot 20 skl i bygselpengar. Same Ole Larsen Gilberg var sikkert ein klok og framsynt mann, og i 1745 kjpte han så ved auksjonsskjøte bygselgarden Gilleberg, tilhørende Fåberg Kirke, for kjøpesum 250 rd. Av kjøpesummen betalde han så med det same 100 rd., og for dei resterande 150 rd. tok han ut tinglyst obl. med pant i eigedomsgarden Gilleberg framleis av skyld 1 hud 3 skinn. Denne obligasjonen vart elles avlyst alt den 16. febr. 1756.

Om husmannsplassen Bakken handlar ei sak av 1751. Ole Gilleberg gav da bygselseddel til Engebret Guttormsen på ”en under hans gård Gilleberg til og underliggende husmannsplads Bakken kaldet beliggende i engen nordenfor gården mot å svare i årlig husleie ½ rd. i årsarbeide.”

Men fire år seinare var det i 1755 skifteforretning på ”Gilberg i Faaberg” etter avdøde Ole Larsen og hustru, og der arvebuet da åtte jordegodset Gilberg, som vart taksert for 260 rd. Samtidig fekk så sonen Lars Olsen søskenskjøte på farsgarden Gilberg framleis av skyld i 1 hud 3 skinn for 260 rd. Samtidig fekk og den nye eigaren av Gilberg, sonen Lars Olsen, bygselseddel frå foged Chr. Pram på ”et litet fiskeri Vivelen kaldet med omliggende smaa Myr Slotter skyld ½ skind, ”som faren Ole Larsen Gilleberg har forhen været bevilget”.

Lars Olsen f. 1727, som da tok over som eigar og brukar av farsgarden Gilberg, var gift med Beret Toresdtr., også f. 1727, og dei fekk 7 born. Det var:

a. Ingeborg f. 1757, død 1832, b. Kari f. 1761, død 1830, c. Rønnaug f. 1762, d. Sønnøv f. 1765, død 1831, e. Ole f. 1767, f. Tore f. 1774, død 1840, g. Lars f. 1776.

Om same Lars Olsen f. 1727 er elles å fortelja at han i 1759 fekk ordna det slik at han fekk bygsel på ”Siøen Fiskevand” ell. Sjogen. Om dette fortell ei utskrift av panteprotokollen slik:

”Siøen Fiskevand.

Bøxel seddel dat. 5. oktober 1759 tgl. samme dag.

Foged Christen Pram bøxler og fester til Lars Olsen den under hans gård Gilleberg halve del av Siøen Fiskevand skyldende tilsammen 13 skind med bøxel og herlighet Hans Mayt tilhørende hvorfor han har betalt 60 s. i bøxelpenge følgelig loven.” – Ja, det var noko av eit kup!

Av tre år seinare er ei kontrakt som og handlar om grd. Gilleberg, og som etter utskrift har denne ordlyden:

”Gilleberg.

Kontrakt dat. 2. jan. 1762 tgl. 18. juni s.å.

Mellem Lars Gilleberg på den ene, og Iver Jonsen med Ole Torgersen Rindahl på den anden side angaaende en delehaffelde som de har oprettet gjennom marken Brenden, hvis øverdel tilhører Gilleberg og nederdel tilhører Rindahl. Denne haffelde holder Lars Gilleberg og hans etterkommere ene vedlige i lovforsvarlig stand.”

Lars Olsen Gilleberg f. 1727 brukte så garden til i 1785, da han skjøta Gilleberg over til svigersonen Even Erichsen og hustru Ingeborg Larsdr. Gilleberg f. 1757 for kjøpesum 599 rd. + føderåd til seljarane for resten av levetida.

Dei nye husbondsfolka Even og Ingeborg Gilberg hadde gifta seg i 1780, og dei fekk i sitt ekteskap 3 born. Dei var: 1. Lars f. 1782, død 1829, 2. Mari f. 1784, g. 1802 m. glasfabrikant Peter Laumann, Jevne Glasverk, 3. Berte f. 1794, g.m. glasfabrikant Hans Jørgen Jachvitz, Jevne Glasverk.

I 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 7 familiar på og/eller ved ”Gilleberg”. Dei var:

1. familie: 1. Even Erichsen f. Bratberg, husbonden, 50 år, 2. Ingeborg Larsdr., kona hans, 44 år, 3. Lars Evensen, sonen deira 18 år, 4. Mari Evensdr., dotter deira, 17 år, 5. Berthe Evensdr. 7 år, 6. Christen Gunmundsen, tenestkar, 34 år, 7. Christen Thorgersen, tenestkar, 17 år, 8. Kari Iversdr., tenestkvinne, 31 år, 9. Ole Olsen, ”LegdsLem, blind”, 39 år.

2. familie: 1. Lars Olsen, føderådsmann, 74 år, 2. Berit Thoresdr., kona hans, 68 år, 3. Thore Larsen, son deira, 27 år, 4. Sønnøv Larsdr., dotter deira, 34 år, ugift, 5. Thorger Thorgersen, dotterson, 7 år.

3. familie: 1. Engebret Gutormsen, ”Inderste uden Kord, nyder almisse, 77 år, 2. Kari Torgersdr., kona hans, 86 år.

4. familie: 1. Ole Engebretsen, ”Inderst uden Jord, gaaer i Dagleie”, 40 år, 2. Engebret Olsen, sonen hans, 9 år.

5. familie: 1. Lars Halvorsen, ”Inderste uden Jord. Smeed”, 24 år, 2. Kari Olsdr., kona hans, 30 år.

6. familie: (I Nersveen): 1. Christen Larsen, husmann med jord, ”National Soldat”, 31 år, 2. Berthe Olsdr., kona hans, 30 år, 3. Lars, son deira, 6 år, 4. Berthe, dotter deira, 4 år.

7. familie: 1. Christen Larsen, "National Soldat, Inderste og gaaer i Dagleie", 34 år, 2. Sønnøv Olsdtr., kona hans, 25 år, 3. Ole, sonen deira, 3 år, 4. Guri, dotter deira, 1 år, 5. Rønnaug Christensdtr., "Inderste og gaaer i Dagleie", 35 år

Fire år seinare var i 1805 husbonden Even Erichsen død, og det var atter skifte på "Gilleberg i Lillehammer, Faaberg". Ved dette skiftet vart jordegodset Gilleberg taksert for 1 000 rd., og arvebuet utgjorde brutto 1357 rd. og netto 636 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enke Ingeborg Larsen dei 3 borna i samlivet. Av dei var sonen Lars da 22 år, dottera Mari var gift med Peter Laumann, og dottera Berthe var enda berre 11 år.

Litt om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om "Gilberg" vidare oppgitt at buskapen av store husdyr på garden da var 3 hestar og 16 storfe, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 60 tønner. Der er og oppgitt at Gilberg framleis hadde 1 husmannsplass. Ein merker seg elles at frå denne tid blir den nå nytta skriveform av namnet Gilberg etter kvart den mest nytta og endeleg den sigrande.

I 1832 var det enka Mari Evensdtr. som hadde heimelen på Gilberg. Ho selde da ein del av garden til Hans Jørgen Jachvitz, og 13 år seinare skjøta ho i 1845 resten av egedomen Gilberg til Mathias Petersen Laumann. Med i handelen var at båe kjøparane forutan kjøpesummen og skulde svara føderåd til den kvinnelege seljaren.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 var den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Dei to Gilbergsgardane vart da ført med kvar sitt løpenummer, men med like stor matrikkelskyld. Nedre Gilberg hadde såleis fått løpenr. 13a av ny matrikkelskyld 3 skylddalar 4 ort 22 skl., og øvre Gilberg hadde løpenr. 13b av ny skyld 3 skylddalar 4 ort og 22 skl. Oppsittar på nedre Gilberg var da Hans Jacvitz, og oppsittaren på øvre Gilberg var Maria Laumann. – Eit anna tidsbilete er frå år 1841: Husmannen på plassen "Gillebergs-Eie", Torger Torgersen, var vorte skyldug 38 spd. til forvaltar Fougner ved Glasverket, og han dreiv det han hadde til gode inn med "Exsekution i Løsøre og Huse".

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om løpenr. 13a Gilberg, som Hans Jørgen framleis hadde, tydeleg fortalt at det samla jordbruksareal der av åker, eng og seterlykkjer tilsaman utgjorde 146 mål, og av dette var 39 mål jord av 1. klasse. Samtidig var det tilsvarande jordbruks-aral på løpenr. 13b hos Randi: ialt 146 mål, og jord av 1. klasse: 42 mål. Gardane var, som ein ser, på det aller næraste like store.

Fem år seinare gav i 1870 Hans Jørgen Jachvitz til sonen sin Ludvig Christian Gilberg på grd. Gilberg nedre for kjøpesum 500 spd. og eit føderåd verdsett til 300 spd. Same året, altså i 1870, gav og Mathias Laumanns enke, Randi Jacobsdtr., skjøte til svigersonen Andreas Jacobsen på grd. Gilberg øvre for kjøpesum 800 spd. + eit føderåd vedsatt til 200 spd.

Johanne f. Gilberg 1842 og Andreas Jacobsen f. Kastrudhagen 1838 hadde i sitt ekteskap 7 born. Dei var: 1. Johannes f. 1865, 2. Martinus f. 1868, 3. Emil f. 1871, 4. Johan Josef f. 1873, 5. Regine Marie f. 1876, 6. Iver Albert f. 1878, 7. Inga Marie f. 1884.

Kring år 1880 hadde det vore strid om eigedomsretten til fiskevatnet Vivelen. Men den 4. mai same året vart striden avgjort ved ei erklæring frå Andreas og Ludvig Gilberg "hvored de, som Eiere af Gilberg, erkjendet det offentliges Eiendoms ret til Fiskevandet Vivelen".

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og –øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. – Gilberg i Vingrom fekk da som sitt nye gardsnummer nr. 14 av samla skyld 11,56 mark, og det var altså da to bruksnr. under gardsnr. 14. dei var: a. gnr. 14 brn. 1 Gilberg av skyld 5,61 mark, som Ludvig Kristian Gilberg var eigar og brukar av, b. grn. 14 brn. 2 Gilberg av skyld 5,95 mark, som Andreas Jacobsen framleis var eigar og brukar av.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da skjedd dei skifte at grn. 14 brn. 2 Gilberg øvre av skyld 5,95 var overtatt av Albert og Emil Andreassøner. – Som eit streif av nyare tid tek vi her elles med at ved kommunevalet i 1907 budde det etter dette 10 personar med røysterett på og/eller ved Gilberg. Dei var: 1.gardbr. Emil Andreassen Gilberg, 36 år, 2. husmor Berte Ludvigsdtr., kona hans, 33 år, 3. sersjant Albert Andreassen Gilberg, 33 år, 4. arbeidar Johannes Andreassen Gilberg, 41 år, 5. husmor Oline Andreasdtr., 41 år, 6. gardbr. Hans Jørgen Ludvigsen Gilberg, 41 år, 7. føderådskone Oline Eriksdtr. Gilberg, 69 år, 8. arbeidar Julius Kristiansen Kvernhusaugen, 26 år, 9. arbeidar Otto Kristiansen Kvernhusaugen, 41 år. 10. arbeidar Olaus Matiassen Gilberg, Rasmusstuen v. Mo.

Av handlar i seinare tid med Gilbergsgardane eller parsellar av dei tek vi i og med: at i 1909 var det så skylddelingsforretning på Haugen som da vart fråskilt og selt til Kristian Ottosen Haugen, grn. 14 brn. 5 Nordre Gilberg vart i 1914 selt til Emil Gilberg, og grn. 14 brn. 6 Rugsveen av skyld 0,04 vart fråskilt og selt til Kristian J. Brændhaugen. Vidare vart grn. 14 brn. 7 Lund av skyld 0,03 mark selt til Johan J. Gilberg, og Adolf Berg tilhandla seg grn. 14 brn. 8 Berg av skyld 0,30 mark.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa av 1939 sju bruk under gardsnr. 14 med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (dekar). Dei 7 bruk var: a. Grn. 14 brn. 1 Gilberg med eit jordbr. areal på ca. 95 mål, som Hans Gilberg var eigar og brukar av, b. grn. 14 brn. 2 Gilberg øvre, jordbr. areal ca. 90 mål, som Valborg Gilberg var eigar, men Arve Gilberg var brukar av, c. grn. 14 brn. 3 Kvernhusveien med eit jordbr. areal på ca. 18 mål, som Tor Johansen var eigar og brukar av, d. grn. 14, 15 brn. 4, 12 Haugen med eit jordbr. areal på ca. 35 mål med Kristian Haugen som eigar og brukar, e. grn. 14 brn. 5 Gilberg nordre, jordbr. areal ca. 16 mål, der Emil Gilberg var eigar og brukar, f. grn. 14 brn. 7 Lund med eit jordbr. areal på ca. 12 dekar, som Øyvind Gilberg eide og brukte og g. grn. 14 brn. 8 Berg med eit jordbruksareal på ca. 15 dekar, som Adolf Berg framleis var eigar og brukar av.